

Endringsnotat

Kommentar	Endringar/ kommentar
<p>Vi viser igjen til at det må gjerast ei vurdering for om allereie utarbeida konsekvensutgreiing er god nok til at det kan gjerast unntak frå konsekvensutgreiingsplikta. Om dette ikkje er tilfelle, må dette utarbeidast, og det med bakgrunn i eit utarbeida og fastsett planprogram.</p>	<p>Kap. 3.2 er oppdatert med ei meir utfyllande vurdering.</p>
<p>Ved førre mangelsbrev vart det påpeika at det må leggjast fram illustrasjonar som syner full utbygging av området. Vi ba òg om at det skal illustrerast korleis bygningsmassen ser ut frå ulike stader som Keila, Hopevågen og frå Hopsvatnet som har omsynssone for naturmiljø og landskap. Det er utarbeida illustrasjonar. Men det er kun illustrasjonar frå punkt nr. 2 som viser deler av Alver kommune sitt areal.</p> <p>Størstedelen av B13 er ikkje illustrert utbygd, og det er difor ikkje mogleg for administrasjonen ved Alver kommune per no å komme med tilbakemeldingar til byggjehøgd, og tiltaket sin påverknad på landskapet. Alver kommune ber plankonsulent utarbeide illustrasjonar som vil tydeleg kunne vise tiltaket sin påverknad på arealet rundt.</p>	<p>Vi har oppdatert Kap 7.4 er oppdatert med nokre fleire siktpunkt.</p>
<p>Som ved førre mangelsbrev: På side 12 vert det vist til plandokument som ligg til den godkjente reguleringsplan for Fv 57 parsell Austrheim grense-Mongstad del 1 og 2, plan ID 201600900. Desse må leggjast ved dette planframlegget om rapportane er relevante for denne planen (gjeld mobilitetsanalyse mm).</p>	<p>Vi har lagt ved alle rapporter som er vurdert relevante og markert desse med «kunnskapsgrunnlag» i oversendinga. Vi meiner at vurderingar i trafikk i kap. 5.4 og 7.9 dekker vurderingar knytt til trafikk. Det er også stilt omfattande rekkefølgekrav som sikrar opparbeiding av Keilevegen og kryss mot fylkesvegen.</p>
<p>Punkt 6.13: Det manglar nokon rekkjefølgjekrav, som burde supplerast i dette avsnittet. Eksempelvis § 7.3 e) og § 7.3 g).</p>	<p>Det er gjort endringar i høve til rekkefølgekrav i planomtale og reguleringsføresegner i høve til opparbeiding av interne vegsystem. Dette er gjort fordi at IND1 og IND2 har moglegheit for tilkomst via o_KV3 og er ikkje avhengig tilkomst frå KV4.</p>

Punkt 7.11 Støy. Som ved førre mangelsbrev. Suppler med å beskrive avstand tilnærleggjande bustadområde og påverknad på naturområde ved Hopstjernet.	7.11 er supplert.
Oppsummering/samla belastning på s. 82 stemmer ikkje med tabellen for Påverknad/konsekvens. Må gjennomgåast	Retta. Sjå side 85.
PlanID viser til 4632 – Skal nytte tidlegare planID som utgjeve i Lindås kommune: 1263-201506	Retta.
Omsynssone som ligg innafor G-Blågrønnstruktur, langs f_SKV3 og f_SKV4 har ikkje benemning i plankart.	#3 anlegg og rigg område.
Breidde på f_SKV2 er vist, ønskjer at dette vert vist for f_SKV3 og f_SKV4 òg.	Alle vegar er vist med breidde i plankart.
Breidde på f_SGS langs f_SKV3 manglar, samt breidde manglar på fleire av o_SGS.	Alle vegar er vist med breidde i plankart.
Breidde på f_SVG er ikkje vist i plankart. (Ser heller ikkje at dette er styrt i føresegn. Ein må enten vise breidda med tal i plankart, eller vise til dette i føresegn)	Alle vegar er vist med breidde i plankart.
F_SVG i sør-austre hjørne har ikkje farge	Retta
Kartet sitt rutenett, og formålsgrrensa som deler inn dei ulike industrifelta er veldig like. Er det mogleg å dempe uttrykket på rutenettet slik at det er dei juridiske linene, ved inndeling av industrifelta som er framståande i plankartet?	Retta
Stiller spørsmål til om Landbruksformål (LL) innanfor #1 og #2 er riktig formål å nytte	<p>Dette er løysinga som vart valgt for reguleringsplan for Kaland næringsområde. Det kunne også vært kombinert formål med samme ordlyd i føresegner. Men vi har valgt å bruke # og LNF. Dette er og i tråd eksempler på føresegner i Sandefjord kommune i rettleiar «mottak av rene, naturlige masser»</p> <p>https://www.sandefjord.kommune.no/globalassets/planer-og-rapporter/reguleringsplaner/gebyr/veileder-for-handtering-av-overskuddsmasser.pdf</p>

<p><i>For byggehøgder skal fiktive plan og parkering under grunnen/bygg ikkje reknast med i utnyttingsgraden.» Stiller spørsmål til kva som er meint med «fiktive plan», og ønskjer dette klargjort slik det ikkje vert problem ved framtidig byggesak</i></p>	<p>Denne setninga er tatt ut. Dette setninga er naudsynt om ein nyttar BRA, men vi bruker BYA. Så her har vi tatt feil, men setninga ville ikkje hatt noko praktisk betydning. https://dibk.no/verktoy-og-veivisere/andre-fagomrader/hvor-stort-kan-du-bygge/hvor-stort-kan-du-bygge/dette-er-bruksareal-t-bra</p>
<p>Planområdet strekk seg utanfor areal avsett til næring og inn i omsynssone for Naturmiljø og landskap i Alver kommune. Det vart tidlegare gjeve beskjed (veiledningsmøte 10.12.2020) om at ein må sjå på planavgrensinga og om tiltak er i konflikt med omsynssona. Administrasjonen ser ikkje at dette avviket er illustrert eller nemnt nokon plass i plandokumenta. Avviket frå avsett område til næring er på over 25 daa. Administrasjonen anbefala å justere planforslaget slik at alle tiltak ligg innafor området som er avsett i overordna kommunedelplan. Under er det lagt til eit utklipp som viser planområdet, lagt over kommunedelplanen.</p>	<p>Vi har trekt oss ut frå omsynssona/ alt areal ligg innanfor areal avsett næring. Vurderinga for at vi før gjekk over grensa var at arealet låg på same høgde og ikkje ville ha negative konsekvensar for landskap.</p>

Andre endringar:

- Sidan planarbeidet starta har det vore endringar i SOSI koder. Plankart, føresegner og planomtale er difor oppdatert med nye formålskoder.
- Det er gjort endringar i høve til rekkefølgekrav i høve til opparbeiding av interne vegsystem. Dette er gjort fordi at IND1 og IND2 har moglegheit for tilkomst via o_KV3 og er ikkje avhengig av f_KV2
- KV4 er med tilhøyrande fortau er trekt ned til formålsgrensa for IND3.
- Føresegner er supplert med tekst om mellombels rigg og anleggsområde jf. § 6.2.